

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Påskedag - 31. mars 2013

Preiketekst: Joh 20,1-10

Lesetekst I: 2 Mos 15,1-3

Lesetekst II: Kol 2,12-15

Springe og gå, tru og sjå

Eg sat der om morgonen, slik mange andre har gjort. I den vakre og stille hagen innanfor murar som held støy og larm ute. Fuglesongen frå fikentrea er som ein himmelsk melodi samanlikna med bilhorna, kjøpslåinga og folkemylderet utanfor. Her, nær det gamle skiljet som delte byen i to, ser eg mot holet i bergveggen. Ei tom klippegrav. Skrifta på veggen fortel sanninga: Han har stått opp.

Du kjenner deg kanskje att i Gravhagen, Gordons' Golgata, i Jerusalem. Det er neppe staden *der* det skjedde, men minner oss likevel på *korleis* det skjedde. Normalt er grava det siste som kan takast frå oss. Når alt anna er borte, er det godt å ha ei grav å minnast ved. Ei tom grav gjer oss normalt fortvilte og forvirra, vonlause og sorgtunge. Annleis var det ikkje for læresveinane. Men annleis vart det. Dei sprang til grava, men gjekk heim att. Dei såg og trudde, heiter det, men låste seg inne av redsle. Dei hadde høyrte og lese, men skjøna lite. Dei gret, men sorga vart vendt til glede, slik Han hadde sagt.

Den tomme grava handlar nemleg ikkje om skjending eller røveri, men om oppstode. Det er ikkje nederlaget eller slutten, men sigeren og skaping av nytt liv. Livskreftene sigrar over dødskreftene, sjølv om ingen av oss blir ferdige med døden sin realitet eller makt. Dei vende attende til fiskegarna, men vart kalla til etterfølgjing og teneste. Dei var redde, men trassa all motstand og fare.

Dei såg og trudde

Kva kjem først: Synet eller trua? Maria frå Migdal, Simon Peter og ein annan læresvein (truleg Johannes sjølv), såg både den tomme grava og linkleda. Dei såg og trudde, men kor stor eller sterk var eigentleg trua? Er det i retrospektiv etterpåkløskap trusvedkjenninga kjem? Ein annan av dei krev også å få sjå før han kan eller vil tru. Sæl er den som ikkje ser og likevel trur, seier Jesus til Tomas.

Det er vel med synet og trua som med høna og egget. Synet, erfaringa og opplevinga kan leie til tru, men like rett er det at trua klargjer synet slik at vi forstår samanhengen. For trua er ikkje ei intellektuell øving eller stadfesting av eigne røynsler, men ein guddomeleg verka relasjon mellom Skaparen og livgjevaren, og hans skapning. Trua er ei overttyding, planta i oss ved Den Heilage Ande, som gjer at alt vi ser og høyrer, opplever og erfarer, får eit anna referansepunkt, og slik verkar meir tru og styrkjer relasjonen til Frelsaren og Skaparen. Det er den veksande trua, møtet med han som er stått opp og ber krossmerka, og Andens fullnad og overttyding, som skapar forandring.

Dei sprang til grava. Dei gjekk heim att. Men reisa heldt fram. Frå by til by og frå stad til stad. Frå synagoge til synagoge, og frå folkeslag til folkeslag. Det var sanneleg ingen lettvinnt pakketur dei bestilte, då dei vandra ut med evangeliet. Så var reisemålet heller ikkje badestrendene på dei greske øyane, men forvising til Patmos og krossfesting i Roma.

Profeti, oppfylting og verknad

Lesetekstane denne påskedagen set Jesu død og oppstode i eit interessant bibelsk perspektiv. Jødane si forløyssing frå fangenskap og slaveri er den klassiske påskeforteljinga. Når jødane høgtidar Pesach, er både forteljinga og lovsongen sentrale element. Slik Moses og Miriam leia folket i songen då havet delte seg, slik understrekar den jødiske haggadaen (liturgien) at påske primært handlar om kollektiv forløyssing. Heile folket, både då og seinare, skal rekne seg som del av Guds forløyssing.

Dei messianske jødane vil lære både sitt eige folk og heile kyrkja at vegen gjennom havet ikkje berre er ein bolk i ei lang soge, men sjølve kjenneteiknet på Guds rettvise og nådige handling. Underet ved Sivsjøen peikar framover mot Han som gjekk gjennom død og grav til oppstode, for å berge folket frå synden sitt fangenskap og døden sin brodd.

Det handlar om folket, det jødiske folket. Men det handlar også om folka. Når Paulus skriv til kolossarane, er det same kollektive redningsaksjon det handlar om. I dåpsbassenget stig vi både ned og kjem opp att. Vi døyr og vert levande. Vi gravlegg synda, og vert ikledde nytt liv.

Sameint med Jesus Messias skjer dette, han som strauk ut skuldbrevet på krossen, tok det med seg i grava, og vart oppreist til vårt liv.

Slik Israel drog med seg fortida inn i vandringa mot lovnadslandet og stundom lengta attende til kjøtgrytene, slik ber også vi med oss vår syndige natur som bagasje. Det hindra likevel ikkje Guds truskap og plan om å føre folket heim. Sjølv opprøret mot Forløyssaren tok ikkje bort hans nåde. Sivsjøen redda folket frå Egyptarhæren og fortida, men ”nissen følgde med på lasset”. Dåpen er reinsinga der fortida er lagt bak. Men sjølv om vi er gjort levande med Kristus, kjenner vi framleis at vi er i slekt med Adam. Utfordringa er difor å leve i livsstraumen frå den oppstadne, slik at hans kraft meir og meir kan prege liva våre og vandringa.

Levande tru

Vi kan sjå den tomme grava, men ikkje forklare mysteriet. Guds frelse har ingen logisk forklaring. Det er berre trua som kan gripe mysteriet. Den trua skaper både visse og nytt syn.

Den tomme grava snudde alt på hovudet for læresveinane. Den endra livet. Men støyen og larmen er framleis eit kjenneteikn utanfor gravhagen. Skiljelinene og grensene, både dei synlege og usynlege, er der framleis. Krangling, urett og fiendskap rår. Han som er stått opp, er ikkje alltid like lett å få auge på i Den heilage staden. Men han er der. Hjø dei som samlast til lovsong og bøn, anten dei kallar seg palestinske kristne eller messianske jødar. Heller ikkje mellom desse er alle murar brotne. Også her treng livs- og forsoningskreftene handlingsrom.

Vi kan ikkje løyse alle konflikhtar, men vi kan peike på den tomme grava og skrifta på veggen: Han er stått opp!

Rolf Gunnar Heitmann

Generalsekretær i Den Norske Israelsmisjon

rolf@israelsmisjonen.no